

Torbjørn Hasund

Fra: Anne Brit Lauvsnes
Sendt: 3. november 2014 14:27
Til: Torbjørn Hasund
Emne: Planforum 12.11 - Leikanger kommune - samfunnsdelen

Her er innspela våre til planforum:

Samfunnsdelen i kommuneplanen til Leikanger kommune.

I planprogrammet (20.02.2014) vart det utpeika 5 fokusområde for den nye samfunnsdelen:

- 1) Bustad og vertskommunerolle
- 2) Næringsutvikling og verdiskaping
- 3) Natur, kultur og fritid
- 4) Oppvekst, eldre og helse
- 5) Regional utvikling.

Planprogrammet peikar på at dei offentlege verksemdene i Leikanger har hatt stor auke i talet på arbeidsplassar dei siste åra. Ei utfordring er å få fleire til å velje Leikanger som bukommune.

Så langt er det arbeidd fram to dokument. Det første er eit oppsett med hovudmål, delmål og strategiar. Dette har blitt gjennomarbeida i administrasjon og formannskapet, og er utgangspunkt for møte i planforum. Det andre dokumentet («samfunnsdelen 2015 – 2026 – tekst) er eit råutkast, som vi ikkje legg hovudvekt på, men som ligg med som informasjon og folk kan gje tilbakemeldingar dersom dei ønskjer.

Tema for drøfting i planforum (ut frå første dokumentet):

- 1) Har vi fått med dei viktigaste problemstillingane med tanke på kva kommuneplanen sin samfunnsdel skal innehalde?
- 2) Tabellane inneheld hovudmål, delmål og strategiar. Bør vi ha med målbilete under kvar overskrift som seier noko om korleis vi ser for oss at samfunnet er i 2026? Blir dette eit løft, eller er det overflødig?
- 3) Korleis koplar vi saman samfunnsdelen, handlingsplan og økonomiplan på ein god måte, som inkluderer forslaga til tiltak som vi har fått inn?
- 4) Planprogrammet og dokumentet vart utarbeida etter ei ny regjering kom på bana, og med tanke på sentralisering var det usikkert om det ville kome endringar for dei statlege etatane i Leikanger. Strategien om å støtte opp om ei utvikling av gründerkultur i Leikanger må lesast på bakgrunn av dette. I teoriar rundt samfunnsutvikling blir det presisert at det er viktig å finne ei strategisk posisjonering og velje seg profil. Det er opp til politikarane i kommune og avgjere kva vi skal satse på, men innspel på tema er spanande. Bør ein satse einseitig på å vere god vertskommune for dei offentlege arbeidsplassane slik at vi får behalde dei? Eller treng vi ein alternativ arbeidsmarknad i tilfelle vi ikkje kan stole på at dei etablerte arbeidsplassane blir verande i kommunen? Å arbeide for at fleire busett seg i Leikanger og blir verande er fastset som eit hovudmål.